

Fra: Grethe Marie Sandvik[]
Sendt: 01.11.2022 22:18:00
Til: larkal1@gmail.com[larkal1@gmail.com]
Tittel: Drøfting - Søknad om grensejustering - 153/231 og kommunal eigedom 153/340

Eg trur at Kvinnherad kommune truleg kan truleg godkjenne ei grensejustering mellom 153/231 og kommunal eigedom 153/340.

Kostnad med søknad om grensejustering, dispensasjonsøknad, kartforretning og tinglysing, samt vederlag for kjøp av grunn må dekkjast av deg, sidan det er du som søker om grensejustering.

Det som er litt vanskeleg er at kommuneplanen i dette området viser A#:

2.2.3. Vedtekne/eigengodkjende reguleringsplanar som ikkje er nemnt over i punkt 2.2.1 og 2.2.2, skal gjelda saman med kommuneplanen og er merka med føresegnane #A_ og løpenummer i plankartet.

Ved motstrid gjeld kommuneplanen framføre reguleringsplanar merka med føresegnane #A. Kommuneplanen utfyller eldre reguleringsplanar der tema ikkje er handsama i reguleringsplan, slik som fastsetting av byggegrense mot sjø.

Der detaljar i reguleringsplanen viser føremål som naturleg høyrer til hovudføremålet som til dømes grønstrukturar, leikeareal, vegar eller parkbelter/bufferzoner i næringsområde, gjelder desse framføre kommuneplanen.

I dette området viser reguleringsplanen frå 1985 veg, og difor må det søkjast om dispensasjon for grensejustering i dette området.

Det foregår no ein planprosess i dette området, og det er ikkje truleg at veg vert etablert i samsvar med den gamle reguleringsplanen.

Maksimal størrelse på areal i ein grensejusteringssak er 5 % av minste eigedom.

Eigedom 153/231 er oppgitt til 1355,5 m². Maks areal for grensejustering er ut frå dette: 1355,5 m² * 5 % = 67,7 m².

Dersom det skal overførast meir areal frå 153/340, så må dette skje som arealoverføring, og dette er ein god del meir kostbart enn grensejustering.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknisk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Grethe Marie Sandvik
Send: tirsdag 1. november 2022 21:27
Til: 'larkal1@gmail.com' <larkal1@gmail.com>
Emne: SV: Eignedommen - 153/231 - Garasje - Carport

I e-post 07.03.2019, så skriv du følgjande:

«På eit eller anna tidspunkt har grensa mellom min og naboeigedomen teke med seg ein bit av garasjehjørnet utan at eg har fått det med meg.»

og

« Etter mitt skjønn er det noko rart som har skjedd med oppmålinga då kommunen kjøpte jorda av Svein Aksel Sunde. Det ser ut som om vegen til eigedomen min høyrer til kommunen sjølv om eg vitterleg har kjøpt og betalt både garasjetomt og veg av dei tidlegare grunneigarane?»

Eg skal prøve å sjekke målebrevet på 153/340 og seinare grensejusteringar, og sjå om eg kan finne ut om eg klarer å finne ut om det er noko uklart i disse sakane.

Byggesøknaden på garasje i 1987, viser eit bygg på 6.80 m x 6.80m, mens eksisterande garasje har ut frå bilde vedlagt e-post viser eit påbygg med carport.

Ut frå dette kan det sjå ut som om omsøkt garasje ligg innafor grensa sett i 1988, mens det er del av seinare påbygg carport som ligg utafor grensa.

Fint om du sender meg nokre ord om dette.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Grethe Marie Sandvik
Send: tirsdag 1. november 2022 21:03
Til: 'larkal1@gmail.com' <larkal1@gmail.com>
Emne: Eignedommen - 153/231 - Avkøyrsløse

Eg har sett litt på flyfoto for eigedommen 153/231:
1981:



1992:




Som vi ser ut frå flyfoto, så var vegen inn på eigedommen i 1981 slik vist i målebrev frå 1970. Vegen inn til garasje er endra i 1992.



Fint om du kan skrive nokre ord om det er gitt løyve til denne nye avkøyrsla.

Truleg er dette eit viktig punkt sidan denne avkøyrsla ligg svært nær regulert kryss i Hamrabrekko, og sidan den truleg er bygd etter at reguleringsplanen er godkjent.



Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnerad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Grethe Marie Sandvik

Send: tirsdag 1. november 2022 20:42

Til: larkal1@gmail.com

Emne: SV: Egedommen - 153/231 - 1987-1988

Viser til sak som gjeld egedom 153/231, Hamrabrekko 27, Sunde.

Reguleringsplan for Sunde Sentrum, deler av gnr 152 og 153 har ikrafttredelsesdato 18.12.1985.

Eg finn at søknad om bygging av garasje på egedom 153/231 er signert 25.08.1987, sjå vedlegg.

Ved denne saka ligg det også ei kartskisse, med reguleringsplan over området.

På kartskissa står det følgjande: Søknad om bygging av garasje, slik teikningen syner. Det er tidlegare søkt om grensejustering av grønt område.

Eg ser at det er gjennomført ein grensejustering for 153/231, dato 02.02.1988. Denne er tinglyst 06.05.1988, dagboknr 4551, sjå vedlegg.

Grensejusteringa tar omsyn til vedtatt reguleringsplan, og dette er orsaka til at det er bogeforma grense mellom 153/231 og kommunal egedom 153/340.

Kommunal egedom gnr 153 bnr 340 blei frådelt frå bnr 8, målebrev tinglyst 28.03.1988, dagbok nr 3245. Skøyte på denne egedommen blei tinglyst 15.07.1988.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Grethe Marie Sandvik

Send: tirsdag 1. november 2022 19:23

Til: larkal1@gmail.com

Emne: Egedommen - 153/231 - år 1970

Hei

Viser til sak som gjeld eigedom 153/231, Hamrabrekko 27, Sunde.

Sidan eg arbeider med kommunal eigedom, så har eg no fått denne forespørselen.

Eg er sjølvstøtt open for ein samtale for å finne løysning i denne saka.

Først vil eg prøve å finne dokumenter som kan forklare den eksisterande grensa mellom 153/231 og kommunal eigedom 153/340.

For å få oversikt over egedommen 153/231, så har eg lasta ned den gamle grunnboka for egedommen, sjå vedlegg.

Her ser vi at det den 2.6.1970 vart halde kart-og oppmålingsforretning der 153/231 der 153/231-vetlehammaren blei fråskilt bnr 11.

Målebrevet blei tinglyst 11.09.1970 med doknr 5085, sjå vedlegg.

I målebrevet kan vi sjå at egedommen 153/231 er 1109,6 m², og denne har rett til veg:

Om rettar:
Parsellen får vegrett i 5 m breidd over parsellane til Aksel og Gerh. Sunde fram til kommunal veg. Vegen skal leggast etter tilvising av eigarane. Parsellen får dessutan rett å leggja vass- og kloakkleidning i vegbana fram til eksisterande leidningsnett.

Egedommen vart overført til deg ved skøyte datert 28.04.1971. Skøyte blei tinglyst 03.05.1971 med doknr 2719.

I situasjonskart for byggesaken for einebustaden på egedommen, så er det vist plassering av bustadhuset på egedommen 153/231.

Veg fram til bustadhuset er vist som vegretten frå målebrevet over 153/8.

For at e-posten ikkje skal bli for stor så fortsette eg saka i neste e-post.

Har du tilbakemelding eller merknader, eller ser at det er noko feil,...så ta gjerne kontakt.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Per Inge Naterstad <per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no>

Send: fredag 16. september 2022 08:34

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

Emne: VS: Grenseregulering 153/231

Hei!

Som vi snakka om!!

Mvh

Per Inge

Fra: Lars Kallevik <larkal1@gmail.com>

Sendt: torsdag 15. september 2022 13:55

Til: Per Inge Naterstad <per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Re: Grenseregulering 153/231

Hei!

Eg vart litt overraska og ikkje så lite sett ut av svaret eg fekk. Ei stund tenkte eg at her kan eg sikkert berre gje opp, men eg har etterkvart kome til at det må gå an å få eit betre svar enn dette. Eg skjønar jo at parkansvarleg i kommunen meiner det er greit at eg slår og steller svingen mot vegen. Grunnen til at eg gjer dette er rett og slett at eg likar å ha det nokonlunde ryddig rundt meg og tvilar vel på at kommunen ville brukt tid og ressursar på dette.....

Poenget med brevet mitt var først og fremst at på kommunen sitt kart er delar av vegen og garasjen min blitt kommunal, mens då eg kjøpte eigedommen var dette etter avtale med tidligare grunneigar. Det er verdt å merka seg at å leggja vegen inn til garasjen lenger opp er svært vanskeleg, då den kommunale vegen er stupbratt opp her og går samstundes i ein skarp sving. Ei bogeforma grense har det uansett aldri vore her. Eg er ikkje oppmålingseksper, men at noko er galt med kartet kan det ikkje vera tvil om. Og det er vel ikkje heilt urimeleg å be om hjelp til å få orden på ei grense som skjer gjennom carporten og kuttar av vegen til huset?

Eit møte med ansvarleg i kommunen for å sjå på problematikken hadde vore greit.

Når det gjeld vedlikehald av bakken som eg har helde på med i over 50 år så stoppar det vel av seg sjølv for min del etter kvart som helseplagene melder seg.

Eg håpar og reknar med at ein samtale kan finna løysingar som me alle kan vera nøgde med.

mvh
Lars Kallevik
Hamrabrekko 27
5450 Sunde
Tlf 93446211

tor. 7. mar. 2019 kl. 14:17 skrev Per Inge Naterstad <per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no>:

Hei!

Underteikna har ansvaret for det kommunale veg/friområdet, og vi kan gjerne ta ein prat på skjøtsel av området.
Arealet er no avsett til grønt og vegføremål men så lenge det ikkje er teke i slik bruk så har vi ikkje noko imot att du steller detta.
Eg tenkjer heller ikkje da skulle vera noko i vegen for å laga ei lite område for plassering av bosspanna.

Slik arealet er regulert kan vi ikkje tillata noko grensejustering/avståing av areal.

Med helsing
Per Inge Naterstad | *Einingsleiar Veg og Park*
Mobil: +47 412 41 890

www.kvinnherad.kommune.no |



Fra: Lars Kallevik <larkal1@gmail.com>
Sendt: torsdag 7. mars 2019 11:23
Til: Per Inge Naterstad <per.inge.naterstad@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Grenseregulering 153/231

Hei!

Eg ringde deg for eit par veker sidan angående hadde nokre spørsmål om grenseregulering og naboeigedomen som høyrer til kommunen. Du skulle se på det og ta kontakt i løpet av veka. Dette er ikkje noko eg stressar med, men det kunne vera greit å vite korleis kommunen ser på spørsmåla eg hadde.

På eit eller anna tidspunkt har grensa mellom min og naboeigedomen teke med seg ein bit av garasjehjørnet utan at eg har fått det med meg. Sidan eg bygde i 1972 har eg planta og stelt kommunen sin eigedom og. Ideelt sett kunne eg tenkt meg å kjøpa den, men har forstått at denne er svært verdifull for kommunen og kan ikkje selgjast, noko eg synest er heilt greit. Eg er godt kjend med reguleringsplanen for ny veg som vart vedteken for ca 20 år sidan som eg sjøl var med og kjempa for. Om den gjeld fortsatt veit eg ikkje.

Etter mitt skjønn er det noko rart som har skjedd med oppmålinga då kommunen kjøpte jorda av Svein Aksel Sunde. Det ser ut som om vegen til eigedomen min høyrer til kommunen sjølv om eg

vitterleg har kjøpt og betalt både garasjetomt og veg av dei tidlegare grunneigarane? Eg stussar og litt over at grensa går som ein boge, eg ser ingen andre grenser som ser slik ut? Eg har lagt ved eit kart med skravering av den kommunale biten.

Av ulike grunner kunne eg likevel tenkt meg å planert og ordna den slik at vedlikehaldet hadde blitt enklare. Eg har ingen planar om noko bygg eller faste innstallasjoner, berre litt planting og enklare plenklipping. Me treng og ein plass til å setja bosspanna når bilen skal henta dei.

Eg kunne tenkt meg eit møte med ansvarleg saksbehandlar då eg har ein del spørsmål rundt desse tinga.

Lars Kallevik
Gards/brnr: 153/231
Tlf. 93446211

--

Lars Kallevik

Tlf. 93446211